



## ■ rundskriv nr. 10/16

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Dei vidaregåande skolane
Dato:	Ref:
14.06.2016	43470/2016/062

### **Innhenting av karakterar frå standpunkt, halvårsvurdering 2 og eksamen - skoleåret 2015-2016**

No er det igjen tid for å klargjere karakterar og elevdata i Extens, før overføring til Vigo.

#### **Absolutt siste frist for klargjering av elevdata for eksport er tysdag 21. juni.**

Resultat frå privatisteksamen og vaksenopplæring, vil bli overført til Vigo etter at elevdata er ferdig. Ta kontakt for eksport.

Før skolen melder frå til utdanningsavdelinga om at data er klare for eksport, så skal data vere kontrollert og eventuelle feil skal vere retta opp. Skolen skal kvalitetssikre sine data etter retningslinjer som er utarbeidd for IST Extens (sjå under).

Når alt er kontrollert og det er klart for eksport, sender de e-post til [utd.support@mrfylke.no](mailto:utd.support@mrfylke.no)  
Skriv **S-E** og **skolenamn** i emnefeltet i e-posten.

Vi viser til samlinga med dei vidaregåande skolane 01.06.2016, der vi gikk gjennom rutinar for kvalitetssikring av data, før eksport til Vigo og NVB. Deltakarane fekk utdelt versjon 7.0 av Brukerhåndbok for Extens og oppdatert lokalt tillegg til brukerhandboka (pr 31.05.2016). På sidene til Vigo IKS finn de mellom anna Brukerhåndbok Extens, samt reglar for registrering av fullførte kodar, reglar for registrering av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning og eksempel på registrering av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning og IOP:

<http://www.vigoiks.no/systeminformasjon/informasjon-sas/brukerdokumentasjon>

Det lokale heftet som vart utdelt på samlinga 1. juni, er lagt ut under Relevante dokument – Extens, på <http://mrfylke.no/Intranett/Mi-side> (sjå side 41 i det lokale heftet).

Skolen skal syte for at alle som jobbar i Extens har tilgang til desse hefta.

#### **«Påminnelse - Enkeltvedtak til elever som ikke er kvalifisert til å gå vidare til neste trinn, eller er kvalifisert på tross av 1 eller IV i fag»**

Vi viser til e-post sendt til postmottak ved dei vidaregåande skolane 01.06.2016, med dette emnet. Her finn de retningslinjer for kva skolen skal gjere. E-posten vart sendt frå Laila H. Tretnes Nielsen.

#### **Skolen vil få tilbakemelding frå Utdanningsavdelinga når det er klart for å flytte elevane over til sluttskolen, ved hjelp av Definitiv basisgruppeoppflytting.**

NB: Førebels basisgruppeoppflytting skal vere gjort før definitiv basisgruppeoppflytting. Sjå hjelpefila i Extens eller vedlegg 2 og 1 i det lokale heftet.

#### **Første gongs inntak blir sendt til skolane per post ca. 6. juli 2016.**

Rune Solenes Opstad  
ass. fylkesutdanningssjef

Anita K. Waatvik  
rådgivar

Gjenpart:  
Fylkesrådmannen  
Fylkesordføreren  
Lærerorganisasjonane  
Utdanningsutvalet  
Yrkesopplæringsnemnda